

**Fylkesordføraren gir slikt svar:**

**Korleis organiserer Vestland fylke pr i dag innsatsen knytt til førebygging av ulukker på sjøen, inkl. drukning?**

Skadeførebygging er ein del av folkehelsearbeidet, og eit viktig innsatsområde for å skape gode og trygge lokalsamfunn. Vestland fylkeskommune har etablert samarbeidsnettverk innan folkehelse med kommunar og andre aktørar. Etter folkehelselova skal fylkeskommunen og kommunar ha oversikt over skader og ulykker.

Dei to gjeldande regionale folkehelseplanane i Vestland rettar merksemda på gode bu, nærmiljø og lokalsamfunn. I planen for Sogn og Fjordane vert det framheva at viktige føresetnader for god fysisk og psykisk helse, trivsel og livskvalitet er trygge omgjevnader der folk ikkje fryktar skader, ulykker, vald og kriminalitet. I planen for Hordaland er det sett mål om færre skader og ulykker. Gjennom tilhøyrande strategi er det ønskeleg å auke kunnskapen om omfanget av skader og ulykker, og å fremje gode tiltak for å redusere talet på desse. Fram til no er det førebygging av trafikkulykker som har vore innsatsområde for fylkeskommunen.

Førebygging av ulukker på sjøen, inklusive drukning er eit breitt innsatsområde som krev innsats frå mange ulike sektorar og mange aktørar. I hovudsak ligg ansvaret hjå statlege styresmakter og kommunane, fylkeskommunen har ei avgrensa rolle. Samhandling mellom desse er sentralt. Administrasjonen er kjend med at gode samfunnsaktørar utviklar satsingar for vasstryggleikskapplæring for born og unge, og er i samarbeid med kommunar og nokre vidaregåande skular i Vestland.

Det er ikkje arbeidd fram strategiar eller tiltak på området førebygging av ulykker på sjøen, inklusive drukning i Vestland fylkeskommune. Teamet førebygging av ulykker på sjøen inklusive drukning, kan takast opp i samband med revisjon av handlingsprogram for folkehelse i 2021.

**Kan trafikktryggleiksutvalet få eit utvida ansvarsfelt eller bør innsatsen organiseraast på annan måte?**

I gjeldande reglement er trafikktryggingsutvalet si rolle og ansvarsområde skildra slik: «Etter vegtrafikklova § 40a har fylkeskommunen eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggleiken i fylket. Trafikktryggingsutvalet skal vere eit rådgjevande organ i saker som gjeld trafikkspørsmål, og i saker som gjeld koordinering av trafikktryggingsarbeidet i Vestland fylke».

Om Vestland skal setja sjøtryggleik og drukningsulykker høgare på den politiske dagsordenen, kan ei utviding av ansvarsfeltet til trafikktryggingsutvalet vere ein mogleg modell. Det er likevel truleg ein god idé å utgreia temaet og innretningar av arbeidet nærmare før ein konkluderer med kva som er tenleg organisering. Ei slik utgreiing kan gjerast i samband med revisjon av handlingsprogram for folkehelse i 2021. Det kan også vere trong for ein gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget.

Fylkesordføraren er elles positiv til at me også på dette spørsmålet nyttar oss av rolla som regional utviklingsaktør til å mobilisere og engasjere, og fylkesordførar har takka ja til eit initiativ frå redningsselskapet om auka fokus på symjeopplæringa i 2021.